

L

26 FEB. 1990

Norsk landbruksforskning

Norwegian Agricultural Research

Vol. 3 1989 Nr. 4



NISK, BIBLIOTEKET



70266702

BIBLIOTEKET
P.B. 61 - 1432 ÅS-NINN



Statens fagtjeneste for landbruket, Ås, Norge
Norwegian Agricultural Advisory Centre, Ås, Norway

NORSK LANDBRUKSFORSKING / NORWEGIAN AGRICULTURAL RESEARCH

Norsk landbruksforskning er en fortsettelse av Meldinger fra Norges landbrukshøgskole og Forskning og forsøk i landbruket og dekker et publiseringssbehov for norske forskningsresultater innenfor fagområdene: Akvakultur/*Aquaculture*, Husdyrbruk/*Animal Science*, Jordfag/*Soil Science*, Landbrukssteknikk/*Agricultural Engineering and Technology*, Naturgrunnlag og miljø/*Natural Resources and Environment*, Næringsmiddelteknologi og hygiene/*Food Technology*, Plantedyrking jord- og hagebruk/*Crop Science*, Skogbruk/*Forestry*, Økonomi og samfunnsplanlegging/*Economics and Society Planning*.

Tidsskriftet har abstrakt, figur- og tabelltekster, overskrift samt nøkkelord på engelsk.

Articles published in the journal will always contain titles, abstracts, key words and figures and tables legends in English.

Ansvarlig redaktør/Managing Editor, Jan A. Breian

Fagredaktører/Subject Editors

Even Bratberg	Unni Dahl Grue	Atle Kvåle	Jon Stene
Rolf Enge	Knut Heie	Fridtjov Sannan	Steinar Tveitnes
Ketil Gravir	Arne Hermansen	Trygve Skjevdal	

Redaksjonsråd/Editorial Board

Sigmund Christensen, Norges landbrukshøgskole, Institutt for maskinlære
Birger Halvorsen, Norsk institutt for skogforskning
Sigmund Huse, Norges landbrukshøgskole, Institutt for naturforvaltning
Ole Øivind Hvatum, Norges landbrukshøgskole, Institutt for jordfag
Ådne Håland, Særheim forskningsstasjon
Åshild Krogdahl, Institutt for akvakulturforskning
Karl Alf Løken, Norges landbrukshøgskole, Institutt for bygningsteknikk
Toralv Matre, Norges landbrukshøgskole, Institutt for husdyrfag
Einar Myhr, Norges landbrukshøgskole, Institutt for hydroteknikk
Kjell Bjarte Ringøy, Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning
Ragnar Salte, Institutt for akvakulturforskning
Martin Sandvik, Norsk institutt for skogforskning
Hans Sevatdal, Norges landbrukshøgskole, Institutt for jordskifte og arealplanlegging

Arne Oddvar Skjelvåg, Norges landbrukshøgskole, Institutt for plantekultur
Anders Skrede, Norges landbrukshøgskole, Institutt for husdyrfag
Grete Skrede, Norsk Institutt for næringsmiddelforskning
Kjell Steinsholt, Norges landbrukshøgskole, Institutt for meieri- og næringsmiddelfag
Arne H. Strand, Norges landbrukshøgskole, Institutt for meieri- og næringsmiddelfag
Hans Staaland, Norges landbrukshøgskole, Zoologisk Institutt
Asbjørn Svendsrud, Norges landbrukshøgskole, Institutt for skogøkonomi
Geir Tutturen, Landbrukssteknisk institutt
Odd Vangen, Norges landbrukshøgskole, Institutt for husdyrfag
Sigbjørn Vestreheim, Norges landbrukshøgskole, Institutt for hagebruk
Kåre Årvoll, Statens plantevern

UTGIVER/PUBLISHER

Statens fagjeneste for landbruket/*Norwegian Agricultural Advisory Centre*, Moerveien 12, 1430 Ås, Norway. Norsk landbruksforskning/*Norwegian Agricultural Research* (ISSN 0801-5333) blir utgitt med fire hefter pr. år som utgjør et volum. Hvert hefte skal være på ca. 100 sider. Abonnementsprisen er NOK 400,- pr. år. Eventuelle supplementer vil bli sendt gratis til abonnenter, men kan bestilles separat hos utgiveren.

KORRESPONDANSE/CORRESPONDENCE

All korrespondanse av redaksjonell eller forretningmessig karakter skal sendes til Statens fagjeneste for landbruket/*Norwegian Agricultural Advisory Centre*.

ERRATUM

YSTAAS, J. 1989. Verknad av sumarskjering på avling, fruktstorleik og fruktkvalitet hjå to eplesortar.

Yield, fruit size and fruit quality of two apple cultivars as influenced by summer pruning.

Norsk Landsbruksforskning 3: 195-204.

ISSN 0801-5333.

Identifisering av fagbilete i Fig. 1

Ved ein feil er merking av fargebileta i Fig. 1 på s. 199 falle ut. I øvre rekke skal biletet vera merka a og b frå venstre til høgre. I nedste rekke er merkinga c og d frå venstre til høgre.

Identification of colour pictures of Fig. 1

By a mistake a letter designation of the four pictures of Fig. 1 was omitted. The designation should read a and b (from left to right) in the top row and c and d (from left to right) in the bottom row.



STRANDRØYR - AVLING, KVALITET OG ALKALOIDINNHOLD

Reed canarygrass - yield, quality components and alkaloid concentration

LIV ØSTREM & PETTER MARUM

Statens forskingsstasjoner i landbruk, Fureneset forskingsstasjon, Fure, Norge

*The Norwegian State Agricultural Research Stations, Fureneset Research Station,
Fure, Norway*

Statens forskingsstasjoner i landbruk, Løken forskingsstasjon, Volbu, Norge

*The Norwegian State Agricultural Research Stations, Løken Research Station,
Volbu, Norway*

Østrem, L & P. Marum 1989. Reed canarygrass - yield, quality components and alkaloid concentration, *Norsk Landbruksforskning* 3: 217-223. ISSN 0801-5333.

Cultivars and local populations of reed canarygrass (*Phalaris arundinacea*) have been tried in different localities in western, eastern and central parts of Norway. No significant differences were found in dry matter yield or quality components. Highly significant differences were found between cultivars for alkaloid concentrations within and between localities and also between years. Two of three trials located on the humid coastal line had low alkaloid concentrations (average 0.0219 and 0.0343% dm for the 1st and 2nd harvests, respectively). In the drier eastern part of Norway the corresponding alkaloid concentrations were 0.0535 and 0.1424% dry matter. Wide variations were found between the cultivars reflecting their rather low stability when exposed to hard climatic conditions. These results indicate that under dry conditions, alkaloid concentrations may reach levels that adversely affect animal health.

Key words: Environmental stress, indolalkaloids, reed canarygrass

Liv Østrem, Fureneset Research Station, N-6994 Fure, Norway.

Ved Fureneset forskingsstasjon starta eit omfattande arbeid med strandrøyrs (*Phalaris arundinacea* L.) alt i 1960-åra. Omlegging av driftsstrukturen førte til auka overvintringsskader, og strandrøyrs var sterkt i så måte. Kraftføret var billeg og strandrøyret oppfylte kravet om fiberrikt førr, utan omsyn til fôrkvalitet. Det var ingen offisiell verdiprøving av arten, og

Fureneset forskingsstasjon starta i 1975 forsøk i eigen regi for å sjå kva dei utanlandske sortane var gode for. Det fant ingen norsk sort og det var vanskeleg å skaffa anna såvare enn usertifisert amerikansk handelsvare. Eit samarbeid med andre SFL-stasjonar vart etter kvart innleia for å testa same sorts-materialet under ulike tilhøve.

Strandrøyr inneholder alkaloid som er ei nitrogenhaldig stoffgruppe. Alkaloida påverkar smaken, og føropptaket av strandrøyr blir dermed mindre enn av andre fôrgras. Det er vist at sau vaks dårlegare på strandrøyrbeite med høgt alkaloidinnhold enn på tilsvarende beite med lågt alkaloidinnhold (Marten et al. 1981). Det er også kjent at alkaloidkonsentrasjonen varierer med miljøet. Konsentrasjonen aukar med tørkestress (Marten 1973), ved redusert lystilgang og ved høge N-mengder, spesielt fra NH₄-N (Frelich & Marten 1972). Ved å slå strandrøyr kvar andre veke har dette gitt sterke auke i indolalkaloidnivåa samanlikna med det ein har funne i fritt veksande planter (Woods & Clark 1971). Alkaloidkonsentrasjonen vert sterkt redusert i tørka gras (Donker et al. 1976) og i silomasse (Hovin et al. 1980).

Bakgrunnen for forsøksserien var å testa same sortsmaterialet på klimatisk ulike lokalitetar. I tillegg til avling- og kvalitetsdata var det ønskjeleg å sjå om det også under våre tilhøve kunne oppstå skadelege alkaloidkonsentrasjonar i strandrøyr.

MATERIALE OG METODE

I 1980 - 1982 vart det anlagt omlag like felt på forskingsstasjonane Vågøyen, Løken og Fureneset og i tillegg i ein del forsøksringar på Austlandet. Som innleiing til denne hovedserien var det ved Fureneset forskingsstasjon anlagt eitt felt i året frå 1975 til og med 1979. Felta er samanstilte kvar for seg i ein serie som gjeld felt ved SFL Fureneset 1975-1979 og hovedserien som omfattar felt frå tre forskingsstasjonar.

1) Plantemateriale

I tabell 1 er vist strandrøyrsortane som var med i like forsøk ved dei tre stasjonane. I tabell 2 er vist kva artar og sortar som vart prøvd ved SFL Fureneset i åra 1975-79, inkludert tal engår for dei einskilde ledda. Dei ulike lokale popu-

lasjonane har følgjande opphavsstad eller lokalt namn: LøSr3001 (Løken), VåSr8001 (Røvik), FuSr7901 (Skorve), FuSr7902 (Haukedalen) og FuSr7903 (Fureneset). I tillegg til strandrøyr var også timotei (*Phleum pratense*) med, dessutan beringsbunke (*Deschampsia beringensis*) og røyrkvein (*Calamagrostis sp.*). Dei to sistnemnde vart også prøvd på dei andre forskingsstasjonane.

Sidan felta er så ulike er det mogleg berre å behandle dei parallelle forsøka statistisk. Desse er gruppert i tre regionar; Fureneset, Løken inkl. alle felt anlagt i forsøksringar austsøjells og Vågøyenes inkl. feltet på Smøla. Det var anlagt to felt på forskingsstasjonane Fureneset, Vågøyenes og Løken, eitt ved SFL Kvithamar, avd. Smøla og seks felt i forsøksringar på Austlandet.

2) Registreringar/analyasar

a) Avling og kvalitet

Felta har vore hausta to gonger kvart år. På 1-2 av felta på forskingsstasjonane er sortane analyserte for in vitro meltegrad, protein og råtrevlar. Prøvane er analyserte dels ved NIR-laboratoriet ved SFL Løken, dels ved in vitro laboratoriet ved SFL Vågøyenes og ved Kjemisk Analyse-laboratorium, SFL Holt. Total nitrogen er gjort samanliknbart med NIR-protein ved multiplikasjon med 6,25.

b) Alkaloidanalysar

Det vart teke alkaloidanalysar berre av felt som låg på dei tre forskingsstasjonane. Følgjande tal engår står bak tala for kvar stasjon. Fureneset: 2 felt, 3 engår; Løken: 2 felt, 4 engår (1.sl.), 2 engår (2.sl.), Vågøyen: 1 felt, 2 engår. Det vart teke analyseprøve frå kvar rute i feltet. Kvar enkelprøve vart analysert med 2 parallelle prøvar. Metoden for kvantitativ alkaloidanalyse er utvikla ved Forage Quality Labs, Universitetet i Minnesota, USA, og er ei forenkling av metodikken gitt av Simons & Marten (1971). Alkaloidkonsentrasjonen vart målt ved hjelp av spektrofotometer mot indolalkaloidet gramin uavhengig av om

andre indolalkaloid (tryptaminsambindingar) eller hordenin var tilstades i prøven.

3) Meteorologiske data

Følgjande oppstilling viser middeltemperatur og månadsnedbør i vekstsesongen for SFL Fureneset, SFL Løken og målestasjonen Bodø IV i 1982 og 1983. For dei to første stadene er observasjonane tekne på forskingsstasjonane, medan målestasjonen Bodø IV ligg 4-5 km frå Vågønes forskingsstasjon. Det var begge åra nokså tørre sommarmånader med nedbørsmengder langt under normalår (1931-60) alle tre stadene. I Bodø var perioden juni - august begge åra

også kaldare enn normalt. Sjå nedanståande oppstilling.

RESULTAT

1) Tørrstoffavling

a) Hovedserien

Kg tørrstoff pr da for 1. og 2. slått og sum avling er gitt i tabell 1. Relativ sumavling for dei tre områda er gitt i høve til Vantage. Det er ingen statistisk skilnad mellom sortane i nokon av dei tre regionane. Av marknadssortane skil den polske sorten Luba seg positivt ut i alle regionane, sjølv om skilnadene mellom sortane er svært små både når det gjeld Vågønes/Smøla og Løkenfeltet.

Måned	Fureneset			Løken			Vågønes		
		Nedbør mm	°C		Nedbør mm	°C		Nedbør mm	°C
Mai 1982		102	8.8		24	6.2		84	6.3
Juni "		0	12.4		31	10.7		37	7.7
Juli "		49	13.9		50	14.7		191	11.7
August "		290	13.6		50	12.7		73	12.2
Mai 1983		121	9.3		90	6.6		49	9.6
Juni "		90	11.3		28	10.7		92	9.0
Juli "		156	13.1		22	14.2		173	11.4
August "		152	12.5		50	12.7		225	10.0

Tabell 1. Relativ sumavling (kg tørrstoff pr da) for felt ved Fureneset, Vågønes / Smøla og Løken i høve til målestokksorten Vantage. Gjennomsnitt for 1. og 2. slått og total avling for alle felt og engår

Table 1. Relative total DM yield (kg/0.1 ha) at Fureneset, Vågønes/Smøla and Løken compared with Vantage. Mean DM yield for 1st and 2nd harvests and total yield

Sort Cultivar	Relativ sumavling Relative total DM yield			Kg tørrstoff pr da DM yield (kg/0.1 ha)		
	Fure- neset	Bodø/ Smøla	Løk- en	slått /cut		Total
				1.	2.	
LøSr3001	91	106	103	545	352	897
VåSr8001	83	100	98	574	264	837
Flair	95	105	98	514	371	885
Vantage	100	100	100	516	381	897
Frontier	99	106	101	525	381	905
Castor	95	103	99	514	371	885
Luba	105	108	99	538	416	954

Når det gjeld fordeling av avling på dei to slåttane er sortane svært like. Dei utanlandske sortane gav 56-59 % av total tørrstoffavling i 1. slåtten. Dei norske populasjonane har noko større del av avlingen i 1. slåtten, dette er spesielt særmerkt for VåSr8001 (69%). Desse tala stemmer godt også for Fureneset- og Løken-felta ved regionvis gruppering. Ved Vågønes/Smøla har 1. slått i gjennomsnitt 5-10% større del av totalavlingen samanlikna med dei andre stadene.

b) Forsøk på Fureneset

Tabell 2 viser % sådd gras, tørrstoff (kg pr da) ved 1. slått og relativ sumavling for alle artar og sortar som har vore prøvd i dei tre regionane. Tal årsfelt bak kvar sort varierer svært mykje.

2. Kvalitetsanalyser

Tabell 3 viser kvalitetsdata for sortane i hovedserien. Her er også tatt med resultat for Forus timotei (Fureneset), Bodin timotei (Vågønes/Smøla) og Leikund

hundegras (Løken).

3. Alkaloidkonsentrasjon

I tabell 4 er vist gjennomsnittleg alkaloidkonsentrasjon for 1. og 2. slått ved Fureneset, Løken og Vågønes. For alle felta var det signifikant skilnad både mellom sortar og engår ved begge slåttane. Det var signifikant skilnad (***) mellom sortane og mellom engår når felta vart grupperte i tre distrikt. Når det gjeld prøvane frå Fureneset var det signifikant skilnad mellom sortane både i 1. slått (***) og 2. slått (**). Det var også signifikant skilnad mellom engår for begge slåttane (***). Ved Løken var det signifikant skilnad mellom sortane for 1. slått (***), medan ingen signifikans vart vist ved 2. slått. Ved Vågønes var det ingen signifikant skilnad mellom sortane, derimot signifikant skilnad mellom engår. Prøvane frå Løken inneholdt for alle sortane langt høgare alkaloidkonsentrasjon enn prøvane frå dei andre stadene. Resultata frå 2. slåtten var spesielt avvikande.

Tabell 2. Prosent sådd gras, kg tørrstoff pr da ved 1. og 2. slått og total relativ avling for alle sortar og artar som var prøvd ved SFL Fureneset i felt anlagt 1975-79. Tal årsfelt for kvar sort er gitt

Table 2. Percentage of sown grasses, DM yield (kg/0.1 ha) for 1st and 2nd harvests and total relative yield for all cultivars and species tried at Fureneset in trials started 1975-79. No. of trials for each cultivar are given

Sort <i>Cultivars</i>	Tal årsfelt <i>No. of trials</i>	% isådd gras <i>% sown grass</i>	Kg tørrstoff pr da <i>DM yield (kg/0.1 ha)</i>		
			1. slått <i>1st cut</i>	2. slått <i>2nd cut</i>	relativ sumavling <i>Relative total yield</i>
Frontier	13	75	797	607	99
Rise	10	77	824	601	101
Vantage	10	80	805	610	100
M-V-72	4	85	927	679	113
NGR 721	6	63	730	538	90
Castor	9	65	782	579	96
MN-76	3	57	775	543	93
Flair	3	67	776	596	97
Usertvare	16	79	791	622	100
LøSr3001	13	69	756	534	91
FuSr7901	3	58	809	575	98
FuSr7902	3	67	821	467	91
FuSr7903	6	65	733	556	91
Forus timotei	13	80	913	650	110
Beringsbunke	3	39	872	513	98

Tabell 3. In vitro meltegrad, % protein og % trevlar for alle artar/sortar i hovedserien, fordelt på 1. og 2. slått

Table 3. IVMD, crude protein (%) and crude fibre (%) for all species/cultivars distributed on 1st and 2nd harvests

Sortnamn Cultivars	1. slått/1st cut			2. slått/2nd cut		
	% melte- grad IVMD ¹	% pro- tein CP ²	% rå- trevlar CF ³	% melte- grad IVMD	% pro- tein CP	% rå- trevlar CF
LøSr3001	69.4	15.7	31.4	70.4	11.8	30.9
VåSr8001	69.8	15.5	30.2	73.6	15.9	26.3
Flair	68.6	14.7	31.8	70.2	12.9	32.3
Vantage	69.3	14.8	31.9	70.5	12.6	33.3
Frontier	69.1	15.4	31.1	71.2	13.4	31.0
Castor	68.6	15.4	31.5	70.2	12.6	31.2
Luba	69.3	13.1	33.3	70.5	12.6	31.5
Forus tim.	72.7	10.4	33.6	68.3	10.8	34.4
Bodin tim.	72.4	15.3	28.4	84.1	15.8	22.2
Leikund hund.	78.5	17.4	27.9	73.3	13.5	30.8

¹⁾ IVMD = in vitro dry matter digestibility

²⁾ CP = crude protein

³⁾ CF = crude fibre

Tabell 4. Gjennomsnittleg alkaloidkonsentrasjon (% av tørrstoff) for 1. og 2. slått ved Fureneset, Løken og Vågønes

Table 4. Mean alkaloid concentration (% dm) for 1st and 2nd harvests at Fureneset, Løken and Vågønes

Namn Cultivar	Alkaloidkonsentrasjon, % av tørrstoff Alkaloid concentration (% dm)					
	Fureneset slått/cut		Løken slått/cut		Vågønes slått/cut	
	1	2	1	2	1	2
LøSr3001	0.0126	0.0276	0.0341	0.1108	0.0188	0.0182
VåSr8001	0.0198	0.0304	0.0506	0.1384	0.0183	0.0275
Flair	0.0236	0.0497	0.0601	0.1485	0.0290	0.0368
Vantage	0.0188	0.0366	0.0482	0.1617	0.0234	0.0239
Frontier	0.0191	0.0357	0.0471	0.1247	0.0213	0.0284
Castor	0.0280	0.0587	0.0686	0.1700	0.0348	0.0430
Luba	0.0163	0.0407	0.0656	0.1424	0.0227	0.0234

DISKUSJON

Strandrøyrmaterialet som er prøvd har under gode veksttilhøve vist liten skilnad mellom sortane. Forsøket viser likevel at strandrøyr er ein lite foredra kulturvekst som er ustabil i høve til ytre påverknader som haustetidspunkt og klimatilhøve.

Ser ein avlingstala saman med kvalitetsresultata er det relativt liten skilnad mellom sortane. Det er verdt å merkja seg at den polske sorten Luba kjem noko betre ut enn Vantage både på Fureneset og i Bodø/Smøla, medan skilnadene i Løken-området er minimale. Sjølv om materialet er lite tyder resultata på at den därlege stabiliteten tilseier ulike sortar sjølv for eit så lite geografisk område

som det her gjeld. Smøla-feltet utgjer nokså mykje av samanstillinga Bodø/Smøla. På felta ved SFL Vågønes har dei lokale populasjonane hevda seg langt betre enn dei foredla strandrøyrsortane som har vore sterkt uttynna alt i andre engår. Populasjonen frå Røvik (VåSr8001) spirte därleg i sångsåra, men i andre og tredje engår etablerte den tett bestand som var svært varig.

Når det gjeld kvalitetsanalysane er det liten skilnad mellom sortane totalt, men stor skilnad mellom feltstader. Det er generelt ein sterk samanheng mellom *in vitro* meltegrad og trevlar i gras, og dette kjem tydeleg fram i tala frå dei ulike stadene. På Fureneset er felta hausta seint i begge slåttane og har også gitt låge meltegradsverdiar og høgt treleinhald. Resultata frå dei einskilde felta viser at kvaliteten i strandrøyrsortane går raskt ned etter byrjande skyting.

I alkaloidkonsentrasjon skil resultata frå Løken seg klart ut samanlikna med tala frå Fureneset og Vågønes. Ein veit at ulike stresstilhøve aukar alkaloidinnhaldet i strandrøyrsortane, m.a. kan tørke utløysa ein slik situasjon. Normalnedbør på Løken (1931-60) for mai, juni, juli og august er høvesvis 33, 59, 79 og 68 mm. Dette er noko høgare verdiar enn det som kom dei same månadene i 1983 (jfr. oppstilling over meteorologiske data), og tørkestress må vera medverkande årsak til dei høge alkaloidkonsentrasjonane. Analysetala for 2. slått på Løken omfattar to felta frå 1983. Dei to felta har til tross for same lokalisering, gitt nokså ulikt resultat, spesielt på 2. slåtten. Den store skilnaden i alkaloidkonsentrasjon må forklara med at det eine fletet (lågast innhald) vart vatna (30 mm) to veker før hausting, og fletet vart dermed ikkje utsett for same stresstilhøva. Resultata viser også kor ulike sortane er med omsyn til reaksjon på ytre tilhøve. Vantage, den einaste godkjende strandrøyrsorten i mange år, har vist alkaloidkonsentrasjon på 0.1333 og 0.1901 % av tørrstoff på desse to 2. slåtts felta. Marten et al. (1981) fann at når in-

dolalkaloidkonsentrasjonen nådde 0.2% av tørrstoffet kunne dette gi uehdige verknader for lam på beite. Utifrå dei verdiane ein fekk på Løken dette året, kan ein ikkje sjå bort frå at strandrøyrsortane kan gi uehdige verknader under spesielle klimatilhøve. Dette er også vist av Ulvund (1985) som har registrert sjukdom på lam etter strandrøyrsortane på Jæren.

Til tross for tørre tilhøve både på Fureneset og Vågønes i 1982 og 1983 og med tydelege skilnader mellom åra, fekk ein ikkje tilsvarande høge alkaloidkonsentrasjonar desse stadene. Ein skal også merkja seg at dei norske populasjonane gjennomgåande har dei lågaste alkaloidkonsentrasjonane. Bakgrunnen for alkaloidsyntesen er uklar, men der som alkaloida har positiv effekt for plantene i høve til eigen metabolisme eller som forsvar mot ytre fiendar, er det truleg at veksttilhøva vil påverka nivået. Dette kan også forklara kvifor norske og utanlandske sortar viser såpass stor skilnad i konsentrasjon.

Forsøk på Fureneset

Resultata frå desse felta avvik ikkje i forhold til hovedserien og ein bør sjå på desse felta som ei registrering av ulike strandrøyrsortar. Ein bør likevel merkja seg at userifisert handelsvare har gitt like god avling som Vantage, og at den har vore omlag like varig. Av norske populasjonar har FuSr7901 (frå Voss) klart seg bra, denne populasjonen er tatt med i seinare foredlingsarbeid i strandrøyrsortane.


Beringsbunke og røyrkvein

I samband med desse forsøka vart røyrkvein og beringsbunke prøvd på Fureneset, Smøla og Vågønes. På Løken vart berre beringsbunke prøvd. Begge artane hevda seg best på Smøla der beringsbunka avlingsmessig heldt gjennomsnittet for fletet og røyrkvein litt under. Artane har likevel gått langt raskare ut enn strandrøyrsortane, noko som også

har vist seg å vera tilfelle på dei andre forsøksstadene.

LITTERATUR

- Donker, J.D., G.C. Marten, R.N. Jordan & P.K. Bhargave, 1976. Effects of drying on forage quality of alfalfa and reed canarygrass fed to lambs. *J. Anim. Sci* 42: 180-184.
- Frelich, J.R. & G.C. Marten 1972. Factors influencing indole alkaloids in reed canarygrass, *Phalaris arundinacea* L. *Agron Abstr*. p. 68.
- Hovin, A.W., Y. Solberg & K. Myhr 1980. Alkaloids in reed canarygrass grown in Norway and the USA. *Acta Agric. Scand.* 30: 211-215.
- Marten, G.C. 1973. Alkaloids in reed canarygrass. In Matches, A.G. (Ed): *Antiquity components of forages*, p. 15-31.
- Marten, G.C., R.M. Jordan & A.W. Hovin 1981. Improved lamb performance associated with breeding for alkaloid reduction in reed canarygrass. *Crop Sci.* 21: 295-298.
- Simons, A.B. & G.C. Marten 1971. Relationship of indole alkaloids to palatability of *Phalaris arundinacea* L. *Agron. J.* 63: 915-919.
- Ulvund, M.J. 1985. Chronic poisoning in a lamb grazing *Phalaris arundinacea* L. *Acta Vet. Scand.* 26: 286-288.
- Woods, D.L. & K.W. Clark 1971. Genetic control and seasonal variation of some alkaloids in reed canarygrass. *Can. J. Plant Sci.* 51: 323-329.



NITROGEN, KALIUM OG KALK TIL PERMANENT BEITE

Verknader på botanisk samansetnad og avling

Nitrogen, potassium, and lime application on permanent pasture

Effects on botanical composition and yield

ÅDNE HÅLAND

Statens forskingsstasjoner i landbruk, Særheim forskingsstasjon, Klepp st., Norge
*The Norwegian State Agricultural Research Stations, Særheim Research Station,
Klepp st., Norway*

Håland, Å. 1989. Nitrogen, potassium, and lime application on permanent pasture. Effects on botanical composition and yield. *Norsk landbruksforskning* 3: 225-232. ISSN 0801-5333.

Small plots in 16 permanent pastures of commercial farms in southwest Norway were treated with 150 or 250 kg N (calcium nitrate) and 50, 150 or 250 kg K (potassium chloride) per hectare over a 5-year period. In the first year 2 tonnes CaO per hectare (ground limestone) was added to half of the plots. The species composition was determined every year, but the yield and soil K and Ca content and pH were determined for the last year only. Increased N rates increased the proportion of *Poa pratensis* and *Stellaria media* and decreased *Agrostis capillaris*, *Taraxacum* spp., *Leontodon autumnalis*, *Plantago major* and *Trifolium repens*. Increased K rates and liming were favourable to *Stellaria media*. Liming also had an encouraging effect on *Cerastium caespitosum* but a discouraging one on *Festuca rubra* and *Leontodon autumnalis*. *Lolium perenne*, *Poa annua*, *Ranunculus* spp. and *Achillea millefolium* remained uninfluenced by the treatments during the 5-year period. Increased N and K rates and liming resulted in somewhat higher yields. The calcium nitrate fertilizer and the liming considerably increased the calcium content of the soil (Ca-AL). By increasing the K rates a general decrease in soil K content (K-AL) was reduced.

Key words: Botanical composition, lime, nitrogen, pasture, pH, potassium, soil Ca, soil K, yield.

Ådne Håland, Særheim Research Station, N-4062 Klepp st., Norway

Kulturbete (natureng og overflatedyrka jord) utgjer i Rogaland fylke om lag 33% av det totale jordbruksarealet. I Vest-Agder og Aust-Agder er dei tilsvarende tala ca. 17% og 7%. Store delar av desse

areala har aldri blitt sådde, og dei har ein plantebestand som har tilpassa seg klima, jordsmonn, gjødsling og beiting - ofte gjennom lang tid. Produksjonspotensialet og førkvaliteten på eit slikt beite er

i sterk grad bestemt av kva artar som dominerer - om det er gode beiteplanter, mindre gode eller skadelege artar (ugras). Endra gjødslings- og kalkingspraksis kan, med uendra beitepress, forskyva konkurransenforholdet mellom artane, slik at nokre går fram og andre tilbake. Spørsmålet om korleis forskjellig gjødsling og kalking verkar på artssamsetnaden på etablerte beite, er lite granska i sørvestre delar av Norge. Resultat frå andre stader kan ikkje utan vidare oversørast, fordi det oftast dreier seg om andre artsblandingar og driftsmåtar eller andre klimatiske, topografiske og edafiske tilhøve. Kunnskap om dei enkelte artane sine evner til å nytta ut betra næringstilgang, er likevel meir allmenngyldige. Slike forskingsresultat frå område med vekstforhold som ikkje avvik mykje frå våre, kan ha ein viss verdi også hjå oss. Dette gjeld til dømes Storbrittanía, der det er gjort mykje på dette fagfeltet (Hopkins & Green 1979, Sanford 1979, Garstang 1980, Williams 1984 og 1985).

Spørsmålet om korleis endra gjødslings- og kalkingspraksis verkar på beitekvaliteten og -avkastninga er viktig i Sørvest-Norge. Omsynet til miljøet vil krevja redusert gjødsling mange stader, og ein treng å vita noko om kor mykje dette betyr for avkastninga. I åra 1981-88 blei det derfor i samarbeid med for-

søksringar i distriktet gjennomført ein serie markforsøk med forskjellig nitrogen- og kaliumgjødsling og kalking til permanente beite.

Den sikraste og beste måten å måla beiteavkastninga på, er gjennom dyreprodukt frå dyr som beiter. Dette er svært ressurskrevande forsøk som ikkje kan utførast på mange stader og med mange forsøksledd. I desse forsøka blei dyr som elles beitte på felta, utnytta for å få eit «naturleg» beitepress. Utviklinga av plantebestanden og registrering av grasavling siste forsøksåret kan fortelja noko om det verkelege produksjonspotensialet på beite. Med rimelege kostnader har vi på denne måten oppnådd å dekka mange forskjellige vekstforhold.

MATERIALE OG METODAR

I alt 21 forsøksfelt blei lagde ut i åra 1981-84 på permanente beite. Etter planen skulle dei ligga i 5 år. Fem felt gjekk likevel ut i perioden, men 16 felt låg alle åra. Av desse låg 10 i Rogaland, 2 i Vest-Agder og 4 i Aust-Agder. To felt låg på nysådde beite, resten på gamle, oftast udyrka beite som ikkje var sådde.

Forsøksplanen (tabell 1) var faktoriell og hadde med 2 nitrogenmengder (kalsalpeter), 3 kaliummengder (kaliumgjødsel 49%) og, som ein tredje fak-

Tabell 1. Forsøksplan, årleg gjødsling og kalking første året

Table 1. Experimental treatments, annual fertilizer application and liming in the first year

Ledd <i>Treatment</i>	Om våren <i>In spring</i>	Juni <i>June</i>	August <i>August</i>	Sum Total	Gjødsel/kalkslag <i>Fertilizer/ liming material</i>
N15 kg N/daa	7	5	3	15	Kalsalpeter
N25 *	12	8	5	25	Calcium nitrate
K5 kg K/daa	5	0	0	5	Kaliumgjødsel 49%
K15 *	10	5	0	15	Potassium chloride
K25 *	15	10	0	25	
Utan kalk <i>Without lime</i>	0			0	Kalksteinsmjøl
Kg CaO/daa	200			200	Ground limestone

tor, kalk (kalksteinsmjøl). Det var 2 fullstendige gjentak på kvart felt, og anleggsrutene var 6 m².

Dei fire første åra låg felta opne for beiting av storfé og i nokre tilselle også av sau. I det femte året blei felta gjerdet inne frå våren av og hausta rutevis to eller tre gonger. Alle åra blei utbreiinga (dekkingsa) til dei enkelte artane registrert på alle rutene i mai månad. Ei ramme på (1 x 1)m², oppdelt med snorer i 9 kvadratiske ruter, blei lagd ned på same stad kvart år. Innafor kvar av dei 9 «smårutene» blei det etter skjøn gitt ein karakter for utbreiinga til kvar planteart. Av omsyn til arbeidsmengda blei det nytta ein enkel skala (0-3), og døminga bygde på kor stor del av småruta den enkelte arten dekka. Artane blei vurderte uavhengig av kvarandre. Karakteren 0 blei nytta når vedkomande art ikkje fanst på småruta og karakteren 3 når arten dekka meir enn 75% av ruteareallet. Døminga blei, med så få karakterar, ikkje særleg nøyaktig på smårutene, men som endeleg karakter for heile ruta på 1 m² blei nytta summen av karakterane for dei 9 smårutene. Skalaen gjekk då frå 0 til 27. Ledvise gjennomsnittsverdiar over to gjentak for enkeltfelta blei analyserte statistisk og brukte som grunnlag for utrekning av gjennomsnittsresultat for alle eller nokre felt.

Ved hausting av avlinga i det femte året var det forskjellig storleik på hausterutene frå felt til felt - alt etter tilgjengelig utstyr og etter forholda elles på felta. Arealet varierte mellom 1,0 og 3,2 m². Åtte felt blei hausta tre gonger og 7 felt to gonger.

Av dei 16 felta som blei fullførte, låg eitt på siltjord, to på utsortert sandjord og resten på morenjord med forskjellig samansetnad, men med sand som dominanterande fraksjon. I gjennomsnitt viste jordanalysar ved start (0-20 cm): Glødetap 14%, pH 5,2, P-AL 9,0, K-AL 12, K-HNO₃ 50, Mg-AL 6,4, Ca-AL 57 og volumvekt 0,93. Både jordanalysane og dei botaniske analysane første året viste

at felta stort sett låg på beite som var gode i utgangspunktet.

RESULTAT

Botanisk samansetnad

Resultata frå det siste forsøksåret for dei enkelte artane er korrigerte for forskjellar som var til stades ved anlegg av forsøksfelta (tabell 2). Felt der vedkomande art i gjennomsnitt hadde ei utbreiing mindre enn tilsvarende karakteren 1, er utelatne ved utrekning av gjennomsnittsresultata. Tala i tabell 2 gjeld dessutan berre felt som låg i 5 år.

Stort sett var det små skilnader mellom forsøksbehandlingane. Nokre utslag var likevel signifikante - flest for forskjellig N-gjødsling. Artar som ikkje er nemnde i kommentarane nedafor, viste små og usikre utslag for forsøksgjødslinga og kalkinga.

Auka N-mengd frå 15 til 25 kg pr. dekar fremma engrapp og vassarve og reduserte engkvein, løvetann, følblom, groblad og kvitkløver.

Stigande K-mengder fremma vassarve. Men elles var det ingen signifikante utslag for K-gjødsling.

Kalkinga gav framgang for vassarve og vanleg arve og tilbakegang for raudsvingel og følblom.

Botanisk samansetnad blei registrert også i 2., 3. og 4. forsøksår. I gjennomsnitt for alle felt var utslaga stort sett jamt stigande gjennom perioden.

Det var ingen klare samspele mellom forsøksfaktorane.

Avling

Auka N-gjødsling frå 15 til 25 kg pr. dekar gav i det 5. året signifikant avlingsauke ved første slått og i sumavling (tabell 3). Stigande K-gjødsling gav auke ved første og andre slått og i sum for sesongen, men auken var signifikant berre ved andre slått. Fire felt skilde seg ut med større K-reservar enn resten av felta. K-HNO₃ var i dei to gruppene 13-39 og 93-181. Det var likevel

Tabell 2. Verknader av auka N- og K-gjødsling og kalkning på utbreiinga av enkeltartar i det femte forsøksåret, korrigert for forskjellar i startåret

Table 2. Effects of increased N and K rates and liming on the cover of the species in the fifth experimental year, corrected for differences existing at start of the trials

	Tal felt Sites	N15	N25	K5	K15	K25	Kg CaO/daa 0	Kg CaO/daa 200
Engrapp ¹⁾	15	19,2	+0,8*	20,2	-0,6	-1,1	19,4	+0,2
<i>Poa pratensis</i> ¹⁾								
Engkvein	11	11,7	-2,3*	10,5	+0,7	0,0	11,2	-0,4
<i>Agrostis capillaris</i>								
Raudsvingel	6	9,3	-0,1	9,1	-0,1	+0,8	9,2	-0,8*
<i>Festuca rubra</i>								
Raigras	4	6,8	+0,7	8,2	-0,9	-1,1	6,3	+0,2
<i>Lolium perenne</i>								
Tunrapp	6	11,1	+0,1	10,8	+0,1	+0,2	11,7	-1,2
<i>Poa annua</i>								
Vassarve	9	7,6	+1,7*	7,8	+0,6	+1,5*	8,3	+1,3*
<i>Stellaria media</i>								
Vanleg arve	6	4,5	+0,1	4,4	+0,6	+0,3	4,1	+0,8*
<i>Cerastium caespitosum</i>								
Løvetann	9	5,6	-0,4*	5,4	0,0	+0,3	5,1	+0,4
<i>Taraxacum spp.</i>								
Følblom	6	2,5	-0,7*	2,3	+0,5	-0,2	2,5	-0,5*
<i>Leontodon autumnalis</i>								
Soleie ²⁾	9	3,6	-0,5	3,8	-0,5	-0,8	3,0	+0,2
<i>Ranunculus spp.</i> ²⁾								
Groblad	6	2,7	-0,7*	2,3	-0,2	+0,5	2,7	-0,4
<i>Plantago major</i>								
Ryllik	9	5,6	+0,2	5,2	+0,4	-0,1	4,9	-0,3
<i>Achillea millefolium</i>								
Kvitkløver	13	9,3	-0,5*	8,5	+0,9	+0,5	8,6	-0,2
<i>Trifolium repens</i>								

1) Omfattar også litt markrapp Including some *Poa trivialis*

2) Engsoleie + krypsoleie *R. acris* + *R. repens*. *: $P < 0,05$

Tabell 3. Verknader av auka N- og K-gjødsling og kalkning på avling og tørrstoffinnhold. Middel 15 felt hausta i det 5. forsøksåret (8 felt for 3. slått)

Table 3. The effects of increased N and K rates and liming on yield and dry matter content, average over 15 trial sites in the fifth experimental year (the third cut at eight sites only)

Slått Cut No.	N15	N25	K5	K15	K25	Kg CaO/daa 0	Kg CaO/daa 200
Kg tørrstoff pr. dekar Kg dry matter per decare							
1.	327	+28*	334	+7	+13	334	+13*
2.	258	+1	250	+11	+16*	258	+2
3.	141	+11	148	-7	+4	146	+2
Sum	676	+34*	677	+14	+33	685	+16
Prosent tørrstoff Per cent dry matter							
1.	20,8	-0,4*	21,2	-0,7	-1,1*	20,7	-0,2
2.	17,8	-0,2	18,9	-1,3	-2,2*	17,8	-0,2
3.	19,3	0,0	19,8	-0,8	-0,8	19,7	-0,9

*: $P < 0,05$

ikkje signifikante samspel på avling mellom K-gjødsling og K-HNO₃-nivå. Kalkkinga gav avlingsauke berre ved første slått.

Tørrstoffsinnhaldet i avlinga gjekk stort sett ned med auka N- og K-gjødsling. Også for kalk var det tendens til nedgang, men ikkje signifikante utslag.

Jordanalysar

Analyse av jordprøver frå to sjikt etter fem års forsøk viste ikkje nokon verknad av auka N- og K-gjødsling på pH-verdien (tabell 4). Men etter kalking første året var det i sjiktet 0-5 cm framleis signifikant sterkare stigning i pH enn utan kalking. I 5-20 cm var det ikkje tydeleg verknad av kalkkinga.

K-AL-verdien gjekk ned i forsøksperioden - sterkare for 25 kg N enn for 15 kg, men det var minkande nedgang med aukande K-gjødsling. Først med 25 kg K pr. dekar årleg heldt K-AL seg på det opphavelege nivået. Dette gjeld begge sjikta.

Ca-AL-verdiane var høgare i sjiktet 0-5 cm enn i 5-20 cm, og dei auka sterkt gjennom perioden - sterkest i 0-5 cm. Denne auken var i begge jordlagene signifikant sterkare for 25 kg N enn for 15

kg. Det same gjeld for kalking samanlikna med ukalka.

I tillegg til analyseresultata frå dei 8 felta i tabell 4 blei det analysert jordprøver frå 3 felt berre ved avslutning. Gjennomsnittlege resultat frå dei 11 felta avvik ikkje nemnande frå det dei 8 felta viste ved avslutning. For alle 11 felta blei også P-AL analysert, men det var ingen signifikante verknader av forsøksbehandlinga på fosforinnhaldet i jorda.

DISKUSJON

Fordi beitinga i seg sjølv påverkar plantebestanden på beitet, blei det lagt vekt på at desse forsøksfelta mest mogleg blei beita som vanleg på kvar stad. Dermed fekk felta også tilført husdyrgjødsel som vanleg. Denne gjødsla kan ha redusert utslaga noko. Dette er likevel greit, då det i praksis først og fremst er spørsmål om kor mykje kunstgjødsel som bør nyttast i tillegg til gjødsla frå beitedyra.

Husdyrgjødsla fell ujamnt på beitet og kan derfor auka forsøksfeilen - særleg når rutene er små. Dei langsiktige verknadene av husdyrgjødsla vil likevel jamnast noko ut.

Tabell 4. Verknader av auka N- og K-gjødsling og kalking på pH, K-AL og Ca-AL i jorda. Middel 8 felt i det 5. forsøksåret

Table 4. The effects of increased N and K rates and liming on soil pH, K-AL and Ca-AL, average over eight trial sites in the fifth experimental year. AL: Ammonium lactate acetate method, mg K or Ca per 100 g dry soil

Analyse Analysis	Ved start Initial						Kg CaO/daa	
		N15	N25	K5	K15	K25	0	200
<u>0-5 cm</u>								
pH	5,4	+0,5	+0,5	+0,5	+0,5	+0,5	+0,3	+0,7*
K-AL	27	-3,7	-5,7*	-9,1	-4,8	-0,1*	-4,9	-4,4
Ca-AL	102	+124	+146*	+136	+147	+122	+91	+179*
<u>5-20 cm</u>								
pH	5,4	+0,1	+0,2	+0,2	+0,2	+0,2	+0,1	+0,2
K-AL	12	-2,2	-2,9	-5,4	-3,0	+0,8*	-2,5	-2,6
Ca-AL	45	+24	+37*	+30	+31	+30	+21	+39*

*:P<0,05 (mellom differansar between differences).

Då det var viktig å leggja felta på areal som var mest mogleg jamne, blei felta for det meste lagde på stader der artssamansetnaden var god i utgangspunktet. Med dei planteartane som då dominerte på felta, var det ikkje alltid mogleg å betra beitet særleg mykje. Nokre stader blei forsøksspørsmålet derfor kva gjødslingspraksis som kan halda eit godt beite ved like. Eit viktig spørsmål var elles i kor stor grad gjødselmengda kan reduserast utan at det går særleg ut over beitekvalitet og avkastning.

Forsøksplanen hadde ikkje med ekstreme gjødselmengder, så endringane i botanisk samansetnad gjekk seint. Først mot slutten av forsøksperioden på 5 år blei det endringar som klart kunne registrerast med den metoden som blei nytta. Det som likevel er viktig i slike forsøk, er først og fremst å påvisa kva retning endringane i botanisk samansetnad tar. Kor raskt endringane skjer, har i praksis mindre å seia.

Av tabell 2 går det fram at vi for raigras, tunrapp, soleie og ryllik ikkje fekk signifikante utslag på dekkinga. Dette kan skuldast at dei hadde lita utbreiing på felta (særleg raigras og soleie), og at forsøksfeilen derfor blei stor, eller at dei reagerer særleg seint på endra nærings- og konkurranseforhold. Med ein lengre forsøksperiode hadde vi truleg i det heile fått fleire og sterkare utslag. Det same gjeld om vi hadde prøvd meir ekstrem gjødsling. Praktiske omsyn tilsa det oppleget som er følgd, og vi har likevel fått nokre klare utslag.

N-gjødsling

Auka engrappdekking og mindre fôlblom og groblad er fordelar som følgde med sterkt N-gjødsling, medan mindre engkvein og kvitkløver og meir vassarve er tilsvarande ulemper. Løvetann betyr mindre for beitekvaliteten i så små mengder som det her er snakk om. Omsynet til plantebestanden tilseier såleis ei N-mengd som ligg nærmere 15 kg enn 25 kg pr. dekar.

Avlinga auka ein del med auka N-mengd, men det meste av auken kom ved første slått, på eit tidspunkt då dyra ofte ikke greier å beita ned tilveksten. Saman med omsynet til miljøet talar også dette til fordel for N-mengder under 20 kg pr. dekar, gjerne ned mot 15 kg.

Den sterke auken i Ca-AL gjennom forsøksperioden skriv seg truleg på ukalika ruter frå at N-kjelda var kalksalpeter. Auken var sterkest i det øvre jordlaget og for største N-mengd. Også pH-verdien steig, men her var det ingen skilnad mellom N-mengdene.

Langvarige forsøk i England (Williams 1985) viste etter 19 år at engkvein og raudsvingel utgjorde ein større del av plantemassen på ugjødsla ruter enn på ruter gjødsla med 17 kg N pr. dekar årleg. For rappartar og raigras var det omvendt. Også Hopkins og Green (1979) fann at rappartar og raigras blei meir konkuransedyktige med aukande N-gjødsling.

K-gjødsling

Kaliumgjødslinga hadde svak verknad på plantebestanden. Berre for vassarve var det signifikant framgang for stigande K-mengder. Dette er ein klar negativ verknad på beitekvaliteten.

Avlinga auka litt med stigande K-mengder, men ikkje så sterkt at det svarer den største K-mengda (25 kg/daa). Resultatet gir likevel eit vink om at kaliumforsyninga til plantene på lang sikt kan bli knapp om ein reduserer K-mengda i kunstgjødsel til under 10-15 kg pr. dekar. Her må ein vera merksam på at kaliumreservane i jorda på dei aller fleste felta var små. Innhaldet av syreløyseleg kalium (K-HNO₃) var lite. På vestnorske jordartar med høge K-HNO₃-verdiar er det elles vist at eng kan greia seg med under 10 kg K årleg (Håland & al. 1983).

Nedgangen i tørrstoffsinnhald for auka K-gjødsling var betydeleg ved første og andre slått. Dette er vanleg og heilt i samsvar med tidlegare forsøksresultat.

Både for 5 og 15 kg K pr. dekar var det klar nedgang i jorda sitt innhold av lettlyseleg kalium (K-AL). Dette svarer med tidlegare forsøksresultat i distriket, som tyder på at det ikke er nødvendig å halda K-AL-nivået så høgt som på desse feltene, i gjennomsnitt 27 i det øvre sjiktet (Håland 1971, Håland & al. 1983).

Kalking

Utslaga for kalk var små, og bortsett frå auka mengd vassarve og vanleg arve, som er ei ulempe, var det ei utvikling som har lite å seia for beitet.

Avlinga i det femte året etter kalking var litt større med enn utan kalk. Felta blei hausta berre dette året fordi slåtten elles kunne koma til å gi ei anna utvikling av plantedekket enn beiting. Såleis fekk vi ikke noko mål på korleis kalken verka på avlinga dei andre åra. Men tidlegare forsøk med overflatekalking på etablert eng har vist at avlingsauken er størst i det tredje året etter kalking (Hovde 1973, Håland 1984).

